



Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Uttale ved høyring av statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i kommunane

Vi viser til planretningsliner sendt på høyring med brev datert 03.10.2017.

Klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i same retningsline?

Fylkesmannen støttar at det no kjem planretningsliner for kommunane i arbeidet med klimatilpassing. Desse bør og gjelde planlegging og bygging i statens eigen regi. Mykje tyder på at det blir meir og meir naudsynt å tenke på verknadene av klimaendringane framover, både av omsyn til samfunnet og økonomi, men og når det gjeld verknadene for biologisk mangfald, økosystemtenester og økonomisk verdfulle naturressursar.

Reduksjonar i klimautslepp heng i stor grad saman med energibruk, enten det gjeld bruk i industri, transport eller i bygg. Samarbeidet med EU om utsleppsreduksjonar er i stor grad knytt opp mot energipolitikken. Det er derfor naturleg at vi har ei statleg planretningsline som gjeld både klima (påverknad)- og energiplanlegging.

Vi er generelt for å samle statlege føringar i få og sektorovergripande dokument. Vi ser likevel nokre fallgruver ved å legge nye statlege føringar for klimatilpassingstiltak inn i gjeldande retningslinje der fokuset er å redusere klimagassutslepp – ikkje å handtere verknadene av endra klima. Desse er:

- Det kan vere vanskeleg å skilje ut kva som er kva når omgrepa blir blanda og er til forveksling like. For mange vil klimatilpassing og klimatiltak bli oppfatta som noko av det same og klimaplanlegginga kan bli deretter.
- Ansvar og motiva for tiltak kan bli diffuse i dei kommunale planane, noko som vil kunne verke inn på kor målretta dei økonomiske midlane til klimaeffekttiltak og klimatilpassingstiltak vil bli.
- Mens klima- og energiplanlegging gjeld førebygging og reduksjon av globale skadar og effektar, gjeld klimatilpassing å planlegge for eit samfunn som skal tilpassa seg lokale skadar og effektar. Klima- og energiplanlegging har å gjere med årsaka til at det er naudsynt med klimatilpassing. Utover det er det ingen samanheng med lokale tiltak for klimatilpassing.

Når klimatilpassing og klimatiltak skal inn i same planretningsline, er det difor naudsynt å lage eit meir markert skilje mellom aktivitetane og dessutan tydelege omgrep som skil klart mellom klimatilpassing og utsleppsreducerande klimatiltak. Klare føringar for kommunane si planlegging og handlingar/tiltak for å hindre klimaendring må altså vere tydeleg skilde frå planlegging og tiltak for å takle klimaendring.

Kanskje vil den beste løysinga vere at statlege samordna retningslinjer for B ATP- «Bolig-, areal- og transportplanlegging» - vert reviderte og utvida med statlege føringar for klimatilpassing og reduksjon av klimaskadelege utslepp – med tydelege delar for kvart tema og innbyrdes konsistente, og gjeldande både kommunal og statleg planlegging og bygging.

1. Formål

Vi har merka oss at føremålet med den endra planretningslina, når det gjeld punkta a, b og c, nå er å «bidra til» og ikkje å «sikre at». Måten dette blir skrivne på vil representere ei svekking av retningslina. Vi vil minne om at Noreg er knytt opp mot EU sine direktiv gjennom EØS-avtalen og dermed underlagt fleire EU-direktiv som omhandlar energieffektivisering, energiomlegging og energileiing. Ikkje minst gjeld desse for ulike bygg, men også for ulike industrisektorar. Fleire offentlege etatar arbeider for å sikre at vi handlar i samsvar med desse direktiva. Mellom anna blir innhaldet i forureiningslovas § 16 om effektiv energibruk, nytta aktivt av oss i arbeidet vårt med utsleppsløyve.

Vi vil også peike på måla om 30 % betre energiintensitet, jf. Stortingsmelding 25 (2015 - 2016) om energipolitikken mot 2030 og innhaldet i byggteknisk forskrift.

Når det gjeld klimautslepp, har Noreg teke initiativ i EU om minst 40 prosent reduksjon i klimagassutsleppa innan 2030 samanlikna med 1990-nivå. Dette har så EU vedteke som eit bindande mål. Det er naudsynt å sikre at vi klarer å oppnå måla. Kommunane er som planmynde sentrale i dette arbeidet.

EU arbeider for å skjerpe kravet om energieffektivitet til 40 % innan 2030. Dette vil krevje at Noreg set same målet og at det finst sterke verkemiddel.

Ut frå dette, vil vi rå til å nytte omgrepet «sikre at». I punkt c vil vi rå til at teksten blir meir presis, som til dømes slik: «*....Planarbeid skal baseres på tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag, nasjonal politikk og mål, internasjonale forpliktelser, og gi grunnlag for.....*»

Om det skal vere felles retninglinje, rår vi til at det kjem inn eit eige punkt «d» om klimatilpassing for å få tydelegare fram at dette er eit eige tema. Det kan med fordel kome fram noko meir om kva ein meiner er tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag.

4. Klimatilpassing

Kapitlet bør gjerast meir konkret. Private aktørar kan inkluderast under samordning og samarbeid. Eksisterande busetnad/infrastruktur er ein av dei største utfordringane for å tilpasse oss verknadene av endra globalt klima i kommune-Noreg. Dette bør vera eit særleg tema.

4.1 Krav til planprosess og beslutningsgrunnlag

Innhaldet i dette kapitlet er det viktigaste av det nye i retningslina Det skildrar mellom anna korleis arbeidet med klimatilpassing skal inkorporerast i planarbeid etter plan- og bygningslova.

Innhaldsmessig er det mykje bra, men det har ein form som gjer det vanskeleg å lese og bruke som retningsline i det daglege planarbeidet. Vi tilrår at det blir rydda i teksten, og at den får eit meir punktvis og strukturert oppsett.

Det heiter at: *«Planmyndigheten må selv vurdere behovet for å supplere nasjonal og regional informasjon med kunnskap om lokale og regionale forhold, herunder tidligere uønskede naturhendelser»*. Ein kan her bli leia til tru at ein slepp ytterlegare farekartlegging på lågare plannivå.

Det er brukt mange «skal», «bør» og «må». Dei tre orda har ulik styrke i forhold til føringane dei gir. Det er nødvendig med ein eigen gjennomgang av bruken av orda. Nokre stader der «bør» er brukt, kan det med fordel skrivast «skal» eller «må».

Vi meiner elles det bør refererast til fylkesROS og heilskapleg kommuneROS, som grunnlagsdokument for kommunane sine areal-ROSar. Det er viktig å sjå anna lovverk som spelar inn i forhold til planlegging av klimatilpassing i samanheng. Her er særleg folkehelseslova, sivilbeskyttelseslova og dei ulike lovverka som gjeld vassdragsforvaltning, viktige for god planlegging for klimatilpassing.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernsljef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Knut Harald Dobbe
Saksbehandlar telefon: 51568961
E-post: fmrokhd@fylkesmannen.no

Kopi til:
Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger